



Årsmelding 2018

Ogna sokneråd



DEN NORSKE KYRKJA

Ogna sokn

Innhald:

<i>Ogna sokneråd</i>	<i>s. 3</i>
<i>Gudstenester og kyrkjelege handlingar</i>	<i>s. 4</i>
<i>Bruk av ressursar i Ogna sokn</i>	<i>s. 5</i>
<i>Tilsette, frivillige</i>	<i>s. 5</i>
<i>Gudstenestegrupper Ogna kyrkje</i>	<i>s. 6</i>
<i>Årsmelding Stokkalandsmarka</i>	<i>s 7</i>
<i>Årsmelding trusopplæringsutvalet</i>	<i>s 8</i>
<i>Årsmelding diakoniutval</i>	<i>s 10</i>
<i>Årsmelding kyrkjelydsbladet</i>	<i>s 11</i>

Ogna sokneråd 2015-2019

Medlemmane i Ogna sokneråd er valt for perioden 2015-2019.

Representantar Ogna sokneråd 2018:

Svein Olav Blindheim (leiar)
Sven Austbø (nestleiar)
Synnøve Løge
Sigmund Olsen
Malena Tangen
Oddny Søyland
Alfred Maudal Paulsen (sokneprest)
Solfrid Kjærvoll-Birkedal (sekretær t.o.m 15.9.2018)
Kell Krogh Jacobsen (sekretær f.o.m. 16.9.2018)

Representantar Hå kyrkjelege fellestråd 2018:

Sven Austbø
Oddny Søyland

Hovudoppgåver:

Soknerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjerast for å vekke og nærme det kristelige liv i soknet, særleg at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døypte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemleg og åndelig nød avhjulpet.

Soknerådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet. (Kyrkelova § 9)

**Visjon for Ogna Sokn:
Med Jesus ut i kvardagen.**

Ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.

Utover vanlige administrative saker, er disse blant sakene som

Ogna sokneråd har arbeidet med i 2018:

- Evaluering av gudstenester
- Bygdadag 2018
- Samling mellom ansatte og soknerådet:
Det ble jobbet frem en dato for denne samlingen på nyåret 2018, men pga stort forfall ble samlingen utsatt
- Offer
- Lydanlegget i kyrkja
- Handlingsplan
- Diverse høyringar
- Kirkevalg 2019

Soknerådet har hatt 6 møter og 42 saker er handsama.

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Døyppte:	37	27	32	32	28	25	26	18
Konfirmerte	29	16	20	26	22	23	18	17
Vigde:	10	12	8	10	10	6	1	5
Gravferder:	19	17	9	16	6	13	15	17
Gudstenester (sun- og heilagdag):	62	54	62	56	54	55	51	52
Familiegudstenester	7	6	6	15	12	14	18	2
Gudstenestedeltakarar	4827	3628	4154	3970	3776	4090	3920	3924
Nattverdgjester:	1025	897	1071	789	1148	1227	1280	1275
Gjennomsnitt pr. gudsteneste:	74	67	63	70	69	74	71	75
Innmeldte	-	-	-	-	0	1	1	4
Utmeldte	-	-	-	-	5	48	25	19

Diverse hendingar gjennom året:

- Andaktar på Olsvoll bu- og velferdssenter 2 gonger pr. månad.
- Åremålsbesøk ved kvart 5. år frå fylte 80 år
- Pinseblomster på Olsvoll – i lag med elevar og lærarar frå 5. klasse på Ogn skule
- Babysong – «Gynge lite grann»
- Dåpsskule med utdeling av bok
- 4- åringane har fått barnebibel.
- Bygdadag
- Hallo Venn arrangement i Ogn Kyrkje
- Samlivskurs
- Kirken open for stillhet og ettertanke
- Fellesskapskveld
- Søndagsskule kick-off, Varhaug og Stokkalandsmarka menighet
- 24 Hours Festivalen, på Nærbø for alle menighetene i Hå
- Konfirmantane har fått bibel.
- Felles gudstjenester for Varhaug og Ogn sokn
- 2. pinsedag, Olsok og Kristi-himmelfartsdag: gudstjenester som me er med på saman med Varhaug og Nærbø. Dei to første er på Varhaug gamle kyrkjegard, og den siste på Synesvarden.
- Utleige til konserter
- Babysang og Småbarnssang i Stokkalandsmarka
- Åbe Hus i Stokkalandsmarka
- Kyrkjelydspedagog Siri Aarsland hadde opplegget «Vandring gjennom Bibelen» i 6. klasse på Ogn skule, 4 gonger
- Sokneprest Alfred Maudal Paulsen hadde 1 skulegudsteneste
- Det ble arrangert 5 julevandringar i Ogn kyrkje for de eldste barna i barnehagene i Ogn og Stokkalandsmarka. Disse ble gjennomført av Solveig Høyland, Malena Tangen, Kirsten Stokkeland og Lars Slettebø

Samarbeidsavtale om misjon med Normisjon og Israelsmisjonen held fram:

- Ogna kyrkjelyd gir 6 offer i året til NOR- misjonen sitt arbeid.
- Gir to offer i året til Israelsmisjonen
- Gir to offer i året til Gisma stasjon, Etiopia

Bruk av ressursar i Ogna sokn (foreløpige tall pr. 22.02.2019)

Takkoffer	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
<i>Til eige arbeid:</i>	19.804	29.516	27.936	95.292	83.470	112.026	66.877
<i>Andre org:</i>	80.594	83.067	96.806	92.183	57.146	64.670	57.705
Takkoffer totalt:	100.398	112.583	124.742	187.475	140.616	176.696	124.582

Eige arbeid	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
<i>Takkoffer til eige arbeid:</i>	19.804	29.516	27.936	95.292	83.470	112.026	66.877
<i>Gåver/gjevarteneste</i>	104.800	105.000	9.000	9.000	13.350	23.629	41.400
Til eige arbeid	124.604	134.516	36.936	104.292	96.820	135.655	108.277

Utgifter til eige arbeid

Rammer til dåpsbilete

Bøker til 4- og 6- åringar

Biblar til nygifte

Blomar (80 – 85 - 90 år og 90 +)

Blomar til kyrkja

Mat til diverse tilstellingar

Kyrjekaffi

Utstyr til babysong

Bygdadag

Løn familiearbeidar

Leige av Stokkalandsmarka Vellagshus

Tilsette

Sokneprest Alfred Maudal Paulsen (100% stilling)

Menighetsprest Stokkalandsmarka Michael Skappel Zülow (60% stilling) t.o.m 15.5.2018

Menighetsprest Stokkalandsmarka Lars Slettebø (80% stilling) f.o.m 1.6.2018

Organist Geir Palle Haarr (30 % stilling)

Familiearbeidar Åslaug Lindland (10 % stilling)

Daglig leder Solfrid Kjærvoll-Birkedal (30% stilling) t.o.m 15.9.2018

Daglig leder Kell Krogh Jacobsen (30% stilling) f.o.m. 16.9.2018

Kyrkjelydspedagog Solveig Høyland (50% stilling i Ogna sokn; 30% i Ogna, 20% i Stokkalandsmarka)

Kateket Siri Aarsland, (20 % stilling) f.o.m. 15.8.2018

Kyrkjetenar og reinhaldar Norvald O. Person

Diakon Torild Egeland Reime – heile Hå

Kyrkjeverge Svein Olav Nesse – heile Hå

I Ogna sokn bidrar Varhaug sokneråd med trusopplæring for de som bur i Stokkalandsmarka med 20% lønsmidler til trusopplærar.

Gravferder og bryllup organiseres fra Hå Kyrkjekontor.

Tilsette i Ognå sokn gjer ein flott innsats for arbeidet i soknet, og soknerådet vil rette ein stor takk til alle tilsette. Men det er lite som kan gjennomførast utan dugnadsinnsatsen som frivillige gjer.

En spesiell takk til:

- dei som ber for kyrkja heime og i grupper
- gjevarar
- medlemmar i trusopplæringsutval, gudstenesteutval, diakoniutval, menighetsutviklingsutval i Stokkalandsmarka
- medhjelparar i alle trusopplæringstiltak
- musikarar og songarar
- dei som går på besøk på åremålsdagar
- arrangørar av bygdadag og felles samlinger
- redaksjonen i kyrkjelydsbladet
- gudstenestegruppene
- dei som pyntar i kyrkja
- medarbeidarar til familiegudstenestene

Gudstenestegrupper Ognå Kyrkje

Gruppe 1:	Gruppe 2:	Gruppe 3:
Leiar: Olav Tangen Malena Tangen Kirsten Stokkeland Ove og Ragnhild Friestad	Leiar: Liv Blindheim Svein Olav Blindheim Synnøve og Andreas Løge	Svend Austbø Marit Herredsvela Oddny Sjøiland Målfrid Fikstvedt

Ognå sokneråd er svært takksame til alle som bidrar med frivillig aktivitet i soknet. Det er mykje dugnadsinnsats som blir gjort på mange ulike arenaer – både på sundagar og i vekene - for born, vaksne og eldre, i bøn og gjennom aktiv deltaking i aktiviteter og utval. Tusen, tusen takk for all tida og kreftene de bruker i arbeidet!

Særskilt vil me løfta fram Varhaug sokn og fellesrådet som er med og støtter opp om arbeidet i Stokkalandsmarka, samt bedehusa på Matningsdal, Bjelland, Brusand, Ognå og Sirevåg som driv størsteparten av det kontinuerlege arbeidet for både born, ungdom og vaksne. Soknerådet set stor pris arbeidet som blir gjort på bedehusa.

Årsmelding 2018: Stokkalandsmarka menighet

Innledning

Stokkalandsmarka er et menighetsplantingsprosjekt som ble satt i gang i 2015 med egen prest og styringsgruppe. Visjonen for Stokkalandsmarka menighet er: "Følge Jesus – sammen", og ønsket er å bygge opp en menighet som er basert på deltakelse, medeierskap, glad lovsang, tydelig bibelsk og livsnær forkynnelse samt å utvikle en stedegen gudstjenesteform for Stokkalandsmarka med vekt på involvering i lokalsamfunnet.

Menighetstilbud i Stokkalandsmarka:

I 2018 har det vært 11 gudstjenester, de fleste med nattverd og søndagsskole med i gjennomsnitt 37 gudstjenestedeltakere.

Det har vært baby- og småbarnssang annenhver uke i Vellagshuset i Stokkalandsmarka.

Familiemiddag og tweensklubb (5-7 klasse) den siste fredagen i måneden.

En husgruppe annenhver uke.

Ønsket er å øke gudstjeneste- og menighetsaktivitetene, sånn at flere kan få en større tilhørighet til menigheten, og bygge opp et lokalt eierskap og involvering i gudstjenestelivet, slik at flere i Stokkalandsmarka kan bli kjent med Jesus og følge ham.

Styringsgruppa i Stokkalandsmarka har i 2018 hatt 6 møter.

Styringsgruppa i Stokkalandsmarka
Erik Høidahl (styreleder)
Michael Skappel Zülow (sekretær t.o.m. 15.5.2018)
Lars Slettebø (f.o.m. 1.6.2018)
Årstein Aarsland (permisjon)

Årsmelding for trusopplæringsutvalet i Ognå sokn 2018

Medlemmar: Liv Lende Olsen, Malena Tangen, Liv Blindheim, Alfred Maudal Paulsen og Solveig Høyland.

Leiar: Liv Lende Olsen

I 2018 har utvalet ikkje hatt noko formelt møte. Solveig har kontakta medlemmer i utvalet ved behov og i forbindelse med trusopplæringstiltak. Det var innkalt til møte i desember 2018 som ble flyttet til januar 2019 p.g.a. dødsfall.

Trusopplæringstiltak i 2018:

1. Dåp

- Det har i 2018 vore 17 dåp i Ognå kyrkje og 1 i Stokkalandsmarka.
- Alle desse har hatt dåpssamtale.

2. Gynge lite grann

- Over 40 barn har vært innom her i 2018!
- Til tider fullt, men liv og røre ☺
- Viktig møteplass

3. Samlivskurs.

- Leder i Familiefokus Rogaland: familierapeut Hege og tømmermann Henrik Bjerg snakket om god kommunikasjon, faresignal i forholdet, hvordan se den andre, lytte og ta vare på hverandre.
- Godt oppmøte! 24 par
- Åslaug Lindland + leiarane på «Gynge lite grann» laga til.

4. Utdeling av 4 årsboka, både i Stokkalandsmarka og Ognå.

- Samling laurdag/onsdag og gudsteneste søndag.
- Ognå: 26 av 25 mulige barn deltok
- Stokkalandsmarka: 9 av 17 mulige barn deltok.
- Barnebibel og lam vart utdelt
- Gudstenesten i Ognå var saman med Lys Våken. Veldig gode tilbakemeldinger frå foreldrene på dette.
- Borna laga bilete med sau og bibelvers . («Gud seier: Eg er den gode gjetaren»)
- Liv Lende Olsen og Solveig Høyland gjennomførte samlinga i Ognå, Solveig Høyland og Lars Slettebø arrangerte samlinga i Stokkalandsmarka.

5. Dåpsskulen.

- Malena Tangen og Solveig tok ansvaret for opplegget i år.
Liv Lende Olsen var med på første samling i staden for Malena Tangen som var på kurs ang. formidling til barn.
- 3 samlingar pluss gudsteneste
- 16 barn deltok av 27 inviterte.
- Boka Den usynlege venen av Kari Vinje vart utdelt..

6. Lys Våken.

- Etter gode erfaringar frå 2017 inviterte vi og dette året to årskull. Denne gongen var det 11 påmeldte.
- Liv B og Solveig var til stades under heile arrangementet. Ei mor hjalp til under store deler av arrangementet.
- På gudstenesten som avslutta arrangementet, var det og utdeling av 4-års boka.
- Gode tilbakemeldingar og engasjerte deltakere.

7. 24 Hours Festival.

- 19 born frå Stokkalandsmarka deltok, og 28 frå Ogna.
(Det var 6 på venteliste frå Ogna).
- 11 Frivillige leiarar frå soknet

8. Konfirmasjonsopplegget.

- Soknepresten, Alfred Maudal Paulsen hadde hovedansvaret for dette på våren.
- 17 konfirmanter ble konfirmert våren 2018.
- I haust er Siri Aarsland tilsett i 20% stilling - så nå er dei to til å dela på ansvaret.

Me vil retta ein stor takk til alle som har bidrege til dette viktege arbeidet. Både gjennom bøn, økonomiske midler og praktisk gjennomføring. Jesus til borna!

For trusopplæringsutvalet,
Solveig Høyland

ÅRSMELDING 2018 Ognadiakoniutval

Diakoniutvalet har i 2018 vore samansett slik: Ståle Berland, Kirsten Stokkeland og Synnøve Løge som er representant frå soknerådet. Utvalet har hatt 3 møter og arbeidd med desse sakene:

- **Åremålsbesøk**

Besøk ved kvart 5. år frå fylte 80. Marit Herredsvella, Synnøve Løge og Andreas Løge gjer denne fine tenesta til 80 og 85 års-jubilantane. Alfred Maudal Paulsen går på besøk til dei som er 90 år og eldre.

- **Fasteaksjonen 20. mars**

Konfirmantane av året går med bøsser, diakoniutvalet er med på gjennomføringa. Resultat: kr. 163.165 i heile Hå.

- **Pinseblomster på Olsvoll**

29 engasjerte elevar og 3 lærarar frå 5. klasse på Ognaskule gjekk med blomster til bebuarane på Olsvoll. Elevane framførte fin song og det var og god tid til drøs. Ei hyggestund for alle!

- **Diakoniens dag 28. oktober**

Gudsteneste der det vert lagt spesiell vekt på forkynning av og informasjon om diakoni. Diakoniutvalet hadde oppgåver i gudstenesten og ansvar for kyrkjeaffien.

- **Minnegudsteneste 4. november**

Minnegudsteneste over dei som gjekk bort i tidsrommet frå nov. 2017 til nov. 2018. Etterlatte får invitasjon pr. brev. Sokneprest Alfred Maudal Paulsen hadde ansvar for gudstenesta og diakon Torild Egeland Reime hadde andakt. Diakoniutvalet deltok med tekstlesing, lystenning og kyrkjeaffi.

- **Fellesskapskveldar**

Har starta oppatt med fellesskapskveldar 1 gong pr. mnd. Stillhet og ettertanke frå kl. 18.

- **Anna diakonalt arbeid i kyrkjelyden:**

Bibelgrupper og foreningar, andaktar på Olsvoll, organisert bønsteneste fem dagar i veka i kyrkja og privat. Støttegrupper v/sorg og samlivsbrudd. Pilegrimsvandringar, KIA og Onsdagskaffien og tilrettelagt gudsteneste er felles for heile Hå.

Ogna 23. januar 2019

Torild Egeland Reime

Diakon og sekretær

Årsmelding for Hå kyrkjelydsblad 2018

Kyrkjelydsbladet har i 2018 kome ut med 4 nummer.

Styret ar vore: Magnus Østbø som leiar, Synnøve Løge – som valde å trekke seg og inn kom Sigmund Olsen og Tor Egil Mong

I tillegg har ass. kyrkjeverge og kyrkjeverge møtt på styremøta.

Styret har hatt eitt møte.

Kyrkjeverja har vore ansvarleg redaktør og forretningsførar for bladet. Tor Egil Mong har vore ansvarleg for annonsesalet.

I redaksjonen har desse vore med: Kell Krogh Jacobsen (frå staben), Inger Kristine Løge, Brit Obrestad, Tor Syvert Aass og Harald Vikse.

Inger Kristine Løge tok ein pause midtveis i året, av personeleg grunnar.

Redaksjonen har eit godt samarbeid med dei tilsette. Staben kjem med innspel på ulike saker som bør takast med i bladet.

Siste året har redaksjonen arbeidd mykje med å forma framtidas blad. Der ein legg stor vekt på å sjå framover på ulike arrangement og samtidig prøve å utdjupe ulike tema.

Opplaget er 7600 eksemplar. Bladet blir distribuert til alle husstandar i Hå kommune. I tillegg er det nokre enkelt personar samt institusjonar som får bladet tilsendt.

Sal av annonsar blir gjort på dugnad og saman med inntekter som frivillig kontingent er dette dei økonomiske rammene ein har å arbeida utifrå. Det har vist seg litt vanskelegare å få nok annonsar, så her har styret fokus framover.

Bladet har giroblankett for innbetaling av frivillig kontingent/gåve til bladet.

Utsending av bladet har i 2018 skjedde via posten/ Bring. For å redusere portokostandane fekk bladet eit anna format i 2018.

Styret vil takke alle friviljuge medarbeidarar som legg ned ein stor innsats og engasjement for å realisere bladet.

For kyrkjelydsbladet

Magnus Østby
Svein Olav Nesse

Sigmund Olsen

Tor Egil Mong
Kell Krogh Jacobsen

*Ogna sokneråd vil takke alle bidragsyttere til kyrkjefellesskapet vårt,
all engasjement, bønn og giverglede.
Dere er limet i kyrkja vår og en viktig brikke i vår visjon.*

- Guds velsignelse i hverdagen –

*Svein Olav Blindheim
-Soknerådsleder -*

*Kell Krogh Jacobsen
- Daglig leder -*

Kven skal du stemme på?

Kanskje på deg sjølv?

**Nominasjonskomiteen for soknerådsvalet 2019
ønskjer forslag på kandidatar.**

Du kan òg føreslå deg sjølv.

**Ta kontakt med Liv Lende Olsen, Andreas Løge
eller Svein Olav Blindheim.**

Kyrkjevalet
2019


DEN NORSKE KYRKJA
Ogna kyrkjelyd